



Mykje gards- og bygningssoge er nedfelt på Koppen, m.a. i dei fem gamle bygningane som ligg tett saman i tunet. Her ser vi kårhuset, hovudbygningen (frå 1600-talet), smia (fremst) og veslehuset like bak. (Foto: Herborg Lid).

Verneverdig i Hannisdal

BN

Herborg Lid

Garden Koppen i Hannisdalen på Osterøy har i fylgje fylkeskonservatoren det mest komplette bygningmiljøet han nokong har sett. Her finst ni gamle bygningar, nokre frå 1600-talet, som alle er godt vedlikehaldne. Bygga som ligg naturleg plassert i tun og utmark er verneverdige, og Osterøy museum har i samarbeid med fylket, inngått avtale med eigarar om å delta i arbeidet rød vedlikehald og restaurering.

– Første lekk i arbeidet vert å få tett tak på den ca. 400 år gamle lemstova i typisk vestlandsstil. Dette vonar me å få gjort i haust med dugnadshjelp frå Ungdomslaget Fram på Hauge, fortel Nils Nonås, som er styreformann i Osterøy Museum. Fylket har løyvt 30.000 kr. til arbeidet, og Osterøy kommune

10.000 kr. Arkitekt Kjell Andersen ved fylkeskonservatoren sitt kontor har utarbeidd ein fullstendig restaureringsplan for bygningane, og neste steg vert fullistandsetjing av vindaugo, takrenner og dører i lemstova. Eldste delen av dette våningshuset vart truleg bygd på 1600-talet av lafta rundtømmer.

Privat kulturvern

Førebels har museet ein muntleg avtale med eigaren, Lars Koppen, men i løpet av vinteren vil ein arbeida med ein skriftleg avtale om vedlikehald og bruk.

– Det må understrekast at garden Koppen er i drift og at bygningane er privateigde. Men nettopp eit slikt levande miljø gjer garden unik til undervisningsformål til dømes, seier Nonås. Han er imponert over det fantastiske arbeidet som er nedlagt i generasjonar for å bevare bygningane i tun og utmark. Dette er gjort i ein tidsbolk då folk flest let ubrukte bygningar stå til nedfalls.

Syn for bevaring

– Far var ivrig og heldt husa i stand. Han gjekk inn for vedlikehaldet; – ville ikkje at bygningane skulle detta ned. Det fortel Lars Koppen til Bygdanytt under ei vitjing på garden, som ligg i ei lun

kopp-liknande hule i Hannisdalen.

– Eg var ikkje merksam på det store verdet av bygningane før seier Lars, som driv og lever av og på garden. Han er litt skeptisk til blest omkring saka. Som rimeleg er ynskjer han ikkje noko folkevandring til tunet sitt, men han satsar på at avtalen – som skal gjera rast med museet i vinter – vil ivareta også denne sida av saka.

Historisk vandring

Bygningane vitnar om gamal «sjølvbergsbyggeskikk» der brake, torv og store heller var viktig materiale. Men dei syner og at nye metodar og materiale etterkvart kom til. I påbygg og vedlikehald førekjem m.a. panneltak, skifertak og bølgeblekk. Av bygningane i tunet er det berre lóa frå 1914 som er i bruk. Resten av bygningane er alle hundre år eller eldre. Det gjeld både smia, veslehuset og kårhuset. Nede ved bekkens staur kvernhuset, som har eit godt bevart torvtak, og i utmarka ligg vårflo, sauehus, torvhus og moldhus naturleg plassert i terrenget.

Lars Koppen fortel at i moldhuset tørka dei jord som vart brukt til strø under dyra om vinteren.

Kvernhuset vitnar om tider då sjølvberging var eit vilkår for liv. Her er torvtaket i bra stand, og etter planen skal restaureringsarbeidet m.a. innebera at fleire av husa på nytt får torvtak, slik dei opprinneleg hadde. (Foto: Herborg Lid).

At dei skar torv til brensel undrar me oss over, når me ser den tette skogen som omkransar Koppen.

– I gamal tid var det kanskje smått om skog her, seier Lars, som kan fortelja at i hans barndom var det mykje mindre skog på garden enn i dag.

Det unike bygningmiljøet på Koppen føyer seg fint inn som eit verdfullt tillegg til dei eksisterande verneprosjekta på Osterøy. – Eit sjeldsynt høve for dei som veks opp til å oppleva lokal gards- og bygningssoge i sin rette miljøsamheng.

